

Tronge parkeringshus gir fleire bulkar

BILKØYRING: I fjor fekk så mange som 50.000 bileigarar parkeringsbulk her i landet. Store bilar og tronge parkeringshus er årsaka, meiner Norges Automobil-Forbund.

– Parkeringshusa er altfor tronge, seier André Fimreite, seniorrådgjevar i NAF til NRK Rogaland. Han trur også vi bulkar meir enn for fordi vi er meir stressa.

– Vi er meir stressa og uopp-

merksame, snakkar i mobiltelefon og let oss distrahera på andre måtar, seier Fimreite.

Tal frå Finansnæringsens Hovedorganisasjon viser at bilskadeutbetalingane auka frå 266 millionar kroner i 2005 til 358

millionar kroner i 2007.

Fimreite meiner at bileigarane sjølve i tillegg legg ut for mange tusen kroner for mindre skader. Ein skade på ein parkert bil eller ein ryggskade kostar som oftast 7.000 kroner.

– Når skader på parkerte køyretøy og skader ved rygging utgjør nesten 30 prosent av alle skader på køyretøy i Noreg, er dette i ferd med å bli eit stort problem, seier seniorrådgjevar i NAF. (©NPK)



KOS: Forfattaren bak boka «Til høgje for Machu Picchu», Heidi Hattestein kosar med ei løve på sin tur i Sør-Amerika. Foto frå boka.

Ei berr rumpe mot knallraudt landskap i Argentina.

Omslaget på reiseboka til Atløy-jenta Heidi Hattestein (32) får folk til å stoppe opp.

Reiseboka mot straumen



Karin Flølo
Journalist

– Ikkje eit vondt ord om alle turistattraksjonane i Sør-Amerika, men reiseboka «Til høgje for Machu Picchu» handlar om turane i nabolaga til dei store attraksjonane. Den handlar om ein annan type underverk: Ukjende naturperler, uvande vegar og kunstn å stole på folk.

Slik skildrar Heidi Hattestein debutboka si om ei seks månader lang reise på det søramerikanske kontinentet.

Bokomslaget, ei dame som sit på huk for å gå på do – midt i ope, raudt landskap i Argentina. Allereie no forstår ein at boka ikkje er av den kommersielle sorten, og slett ikkje sjølvhogtideleg.

Frå Brasil, via Argentina, Paraguay, Uruguay, Chile, Bolivia, Peru, Ecuador og til Colombia, Hattestein

77 Teksten er så full av humor og kreativ forteljar-teknikkar, som viser at Hattestein, verkeleg er i sitt ess

reiste saman med dåverande kjærast Frode Nordeide. Sistnemnde står for kring halvparten av bileta i boka.

DER ER MYKJE beskrivingar av folk og dei to reisande sine opplevingar av både innbyggjarar, språket og mindre ukjende overnattingsstader – men likevel, akk så vellykka, trass i at folk flest ikkje har eit spesielt forhold til akkurat den personen eller dei stadene.

Teksten er så full av humor og kreativ forteljarteknikkar, som viser at journalisten Hattestein, verkeleg er i sitt ess.

Små «skrivefeil» i engelske sitat i teksten, og ei salig blanding av nynorsk og bokmål gjer teksten levande og ein fryd å lese, men kanskje ikkje for dei mest kritiske målfolka.

I tillegg får lesaren eit solid innblikk i landa med faktabolkar og innbyggjarar sine forteljingar. Både nyttig og nødvendig for ei vellykka bok om reise.

BILETA I BOKA ser inn livet til folk og

natur. Alt frå ungen om prøver å ete ein liten kylling levande som middagsmat, til vesle Julia (10) frå Chile som ser oppslukt på bilete Hattestein har teke med frå Norge.

I si tolking av øya Galapagos vest for Ecuador, byrjar Hattestein med eit bilete av eit slags fugledyr som glanar på ei gruppe menneske. Ein ser berre bakhovudet på dyret. Men det er strengt tatt det som gjer biletet verd å sjå på lenge. Kven ser på kven? Er vi i ein menneskepark, undrar Hattestein om biletet.

Det er nettopp bilete ein undrar seg over, som gjer biletet materialet i denne boka så fornøyeleg.

AKK, KVAR OG EIN som har reist i grise-grende strok, veit at du skal vere yttarst forsiktig med både mat og drikke, men enkelte gonger så hjelper ikkje ein gong det. Å bli sjuk fekk froken Hattestein bittert erfare.

I eit reisebrev til mor si forklarar ho om sjukehuset, dokterane og om å skjelle tilsette ut på ekte sunnfjordsk. Trass i at ho hadde det temmeleg ille der og då, så har ho likevel

klart å formidle opplevinga på ein humorfylt og ekte måte, som fleire vil kjenne seg att i.

Trass forteljing om magekrampar, så tek ikkje Hattestein lysta frå folk til å reise i same spor – men det var nok heller ikkje meininga. Boka, som er frå Penna forlag, er anbefalt på det varmaste, sjølv om du er blant dei som elsker den årlege turen til Mallorca.



«Til høgje for Machu Picchu» Reiseskiltdring. Penne forlag, Førde
Forfattar: Heidi Hattestein
Illustrasjon (foto): Heidi Hattestein og Frode Nordeide
Grafisk formgjeving: Bjarte Johansen, Pow, Høyanger